

Leseplan



Innhald

Forord	side 3
Lesing som grunnleggjande dugleik	side 4
Leseutvikling etter 1. trinn	side 5
Leseutvikling etter 2. trinn	side 6
Leseutvikling etter 3. trinn	side 7
Leseutvikling etter 4. trinn	side 8
Leseutvikling etter 5. trinn	side 9
Leseutvikling etter 6. trinn	side 10
Leseutvikling etter 7. trinn	side 11
Leseutvikling på ungdomssteget	side 12
Tips til leseprosjekt	side 14
Lesetips	side 15
Vedlegg:	
Lærestrategiar	side 17
Kartleggingsplan	side 18
Samhandlingshjulet, Skule-PPT	side 20



FORORD

Våren 2023 utarbeida ei prosjektgruppe ny leseplan for Etne kommune. Planen skal sikra god kvalitet på leseopplæringa for alle elevane i Etneskulen. Leseplanen er meint å vera lett tilgjengeleg og brukarvenleg for lærarane, ein finn difor ikkje mykje teori i denne planen.

Funksjonell lesedugleik er eit samspel mellom avkoding og forståing. Dette må vidareutviklast til at ein kan forstå, tolke, reflektera over og vurdere stadig meir komplekse tekstar i ulike sjangrar. Lesing er ein grunnleggjande dugleik og leseopplæringa er difor viktig i alle fag, på alle trinn i grunnskulen. Det er viktig å understreka at alle lærarane er leselærarar.

Positivt engasjement frå føresette er også viktig. Skal elevane oppnå god lesedugleik, må dei øva både på skulen og heime. Det er viktig med eit godt heim-skule samarbeid, slik at elevane får best mogleg utbytte av leseopplæringa.

Elevane har ulike føresetnadar for lesing, og i ein klasse vil elevgruppa liggja på ulike nivå. Gjennom kartlegging vil læraren finne ut kor den einskilde elev er i utviklinga, og slik kunne betre tilpasse undervisninga. Born og unge har behov for å utvikle god språk- og lesedugleik for å meistre liva sine og delta aktivt i arbeids- og samfunnslivet.

Prosjektgruppa har bestått av:

Geir Marius B. Halleland, U-steget ved Enge skule
Elen Merethe H. Ramsvik, M-steget ved Enge skule
Unn S. Pedersen, S-steget ved Enge skule
Eline S. Nordtveit, S-steget ved Enge skule
Liv Astrid Hesjedal, S-steget ved Skånevik skule
Silje Malene Garvik, U-steget ved Skånevik skule

Stor takk til dykk for eit godt arbeid.

Etne, juni 2023

Linda D. Heimstad
Avdelingsleiar Enge skule

Morten Odéen
Rektor Enge skule

Torhild Molland
Leiar Skånevik skule

Lesing som grunnleggjande dugleik

Kva vil det seie å kunne lesa:

Å kunne lesa er å skapa mening frå teksten. Lesing gjev innsikt i andre sine erfaringar, meiningar, opplevingar og skaparkraft, uavhengig av tid og stad. Lesing av tekst på papir og digitalt er ein føresetnad for livslang læring, og for å kunne delta aktivt i samfunnslivet på ein kritisk og reflektert måte.

Å lese handlar om å kunne forstå, bruka, reflektera over og engasjera seg i innhaldet i tekstar. Tekstar inkluderer alt som kan lesast i ulike media, ikkje berre ord, men også illustrasjonar, symbol eller andre uttrykksmåtar. Kunnskap om kva som kjenneteiknar ulike typar tekst og deira funksjon, er ein viktig del av lesinga.

Dugleiksområder i å kunne lesa

Førebu, utføra og bearbeida inneber å ta i bruk ulike strategiar for å forstå tekst av stadig større vanskegrad. Dette forutset avkodingsstrategiar der lydar blir trekte saman til ord, ord til setningar og setningar til tekst.

Finne inneber å finna fram til informasjon som er eksplisitt etter implisitt uttrykt i tekstar.

Tolke og samanholde inneber å kunne trekke slutningar på bakgrunn av innhaldet i ein eller fleire tekstar.

Reflektera og vurdere inneber å forholda seg sjølvstendig til tekstar. Dette strekker seg frå å kommentera innhaldet i tekstar med utgangspunkt i egne meiningar til å forholda seg kritisk til ein tekst som ein heilheit og grunnkje egne synspunkt, analysere eller vurdere.

Korleis utvikle lesedugleiken:

Utvikling av funksjonell lesedugleik er eit samspel mellom det å forstå og avkoda ein tekst. Den grunnleggjande leseopplæringa inneber å meistre lesing av papirtekst og skjermbasert tekst med konsentrasjon, uthald, flyt og samanheng. I opplæringa blir den funksjonelle lesedugleiken utvikla vidare gjennom kunnskap om og erfaring med ulike tekstar i dei enkelte faga. Dette inneber å kunne orientera seg i eit tekstmangfald og forholda seg kritisk til ulike typar informasjon i stadig meir komplekse lesesituasjonar.

Leseutvikling krev gode strategiar for å kunne søke og bearbeida informasjon. Bevist bruk av hensiktsmessige lesestrategiar som er tilpasse formålet med lesing og med ulike teksttypar i faga, er difor avgjerande for å utvikla funksjonell lesedugleik.

Å kunne lese som grunnleggjande dugleik - nivåbeskrive

[Last ned nivåbeskrivelsene som liggende matriser](#)

Leseutvikling etter 1. trinn

Alle lærarar er leselærarar.

Alle lærarar har ansvar for å inspirera til lesing og evt. avdekke leseutfordringar

Høgtlesing/lydbok: lærar les jamnleg høgt for elevane

Språkleg medvit	Ordavkoding Leseforståing Leseflyt	Kartlegging/testing	Leseprosjekt
<p>Rime</p> <p>Telje stavingar</p> <p>Telje lydar i ord</p> <p>Første-, midt- og sistelyd</p> <p>Lyden til og namnet til alle bokstavane i alfabetet</p> <p>Konsonantar og vokalar</p>	<p>Øva på å lese lydrette ord med ein staving.</p> <p>Høgfrequente ord (25)</p> <p>Øva på å lese enkle ord og forstå kva dei tyder.</p> <p>Arbeide med å lese småbøker/tekstar og forstå samanhengen i dei.</p> <p>Bruk av tastatur med lyd støtte.</p>	<p>Begrepsforståing</p> <p>Talstart</p> <p>Bokstavkartlegging, med til dømes Aski Raski eller bokstavprøven frå lesesenteret</p> <p>UDIR lesing og rekning</p> <p>Carlsten vår</p> <p>Readingtest</p>	<p>3-5 veker på våren.</p> <p>Småbøker med leseforståingsoppgåver.</p>
<p>Tips til lekser: Leseark frå Aski Raski, småbøker, periode 3-5 veker med Relemo/aski raski (vår), Ordriket (sein vår), Haugstad lesebok ABC</p>			

Leseutvikling etter 2. trinn

<p>Alle lærarar er leseleærarar. Alle lærarar har ansvar for å inspirera til lesing og evt. avdekke leseutfordringar Høgtlesing/lydbok: lærar les jamnleg høgt for elevane "Lesekvart"</p>			
Språkleg medvit	Ordavkoding Leseforståing Leseflyt	Kartlegging/testing	Leseprosjekt
<p>Enkel fonem-subtraksjon (Ta bort g frå gris og få ris).</p> <p>Fonemaddisjon (legge til ein lyd og høyra kva det nye ordet blir)</p> <p>Dele ord inn i stavingar ved lesing</p> <p>Øva på nokre samansette grafem</p> <p>Konsonantar og vokalar</p>	<p>Lese ord med 2-4 stavingar utan å lydplukke</p> <p>Lese og forstå lengre setningar.</p> <p>Dele eit samansett ord</p> <p>Systematisk gjennomgang av diftongar</p> <p>Lese ord med enkle konsonant-samanbindingar</p> <p>Høgfrequente ord (50 vanlege småord)</p>	<p>Alle tel 2</p> <p>Carlsten (vår/haust)</p> <p>Readingtest</p> <p>Aski Raski (vår/haust)</p>	<p>3-5 veker på våren.</p> <p>Småbøker med leseforståingsoppgåver</p> <p>Leseknappen</p>
<p>Tips til lekser: Småbøker, Ordriket, Relemo (vår), Leseforståing, lese inn lydfil på Showbie, skrivelekse med stavskrift, Aski Raski, nettressursar</p>			

Leseutvikling etter 3. trinn

Alle lærarar er leseleærarar.

Alle lærarar har ansvar for å inspirera til lesing og evt. avdekke leseutfordringar

Høgtlesing/lydbok: lærar les jamnleg høgt for elevane

“Lesekvart”

Språkleg medvit	Leseforståing Leseflyt	Kartlegging/testing	Leseprosjekt
Kan fonembytte (høyra kva for eit ord det blir dersom ein bytter ut i med o i sil)	Lese ord med 4-5 stavingar	Carlsten (vår/haust)	Tverrfagleg leseprosjekt med fokus på ein nordisk forfattar (3-5 veker)
J-lyd og ng-lyd	Kompliserte konsonant-samanbindingar (sprike, struts)	Alle tel 3	
O- og å- lyd	Lese enkle fagtekstar og forteljande tekstar som har fast struktur	Ordkjedetest (vår/haust)	
Diftongar		Aski Raski (vår/haust)	
Stumme bokstavar		UDIR lesing og rekning	
Enkel- og dobbelkonsonant	Samtala om og stille spørsmål til tekst.	Readingtest	
Morfem og stavingar (fokus på dette for å kunne lese komplekse ord)	Dele opp ordkjeder med 4 enkeltord		

Tips til lekser:

Leseark frå Aski Raski, Relemo i 3-5 veker, småbøker, tekstar frå Ordriket. Lese inn lydfil på Showbie. Nettressursar

Leseutvikling etter 4. trinn

Alle lærarar er leseleærarar.

Alle lærarar har ansvar for å inspirera til lesing og evt. avdekke leseutfordringar

Høgtlesing/lydbok: lærar les jamnleg høgt for elevane

“Lesekvart”

Språkleg medvit	Leseforståing Leseflyt	Kartlegging/testing	Leseprosjekt
Lese ukjente ord som ikkje er lydrette	Lese og følge enkle instruksjonar	Carlsten (vår/haust)	Tverrfagleg leseprosjekt med fokus på ein nordisk forfattar (3-5 veker).
Lese dei fleste vanlege ord raskt, direkte og utan lydering	Oppfattar den raude tråden i ei historie	Ordkjedetest (vår/haust)	(sjå eigen oversikt for leseprosjekt)
Morfem (generalisering av ord, td. ord som sluttar på ist , gitarist)	Trekke informasjon ut frå ulike tekstar	Alle tel 4	
Dobbel konsonant	Lese aldersadekvat litteratur	Readingtest	
Kj-, sj- og j-lyd	Lese med innleving	Aski Raski (vår/haust)	
Æ-, ø- og o -lyd	Øving på nasjonale prøvar (etter jul)		
Tips til lekser:			
Tekstar frå Ordriket (faktatekstar), legge inn lydfil, Relemo, leseforståing, nasjonale prøvar			

Leseutvikling etter 5. trinn

Alle lærarar er leseleiarar.

Alle lærarar har ansvar for å inspirera til lesing og evt. avdekke leseutfordringar

Høgtlesing/lydbok: lærar les jamnleg høgt for elevane

“Lesekvart”

Språkleg medvit Leseforståing Leseflyt	Kartlegging/ testing	Leseprosjekt
<p>Øving nasjonale prøvar</p> <p>Har funksjonelle strategiar for å lesa samansatte og funksjonelle ord</p> <p>Kopla på førkunnskap når lærar ber om det</p> <p>Søke/spør når det dukkar opp setningar eller ord han/ho ikkje forstår.</p> <p>Leitelese</p> <p>Diskutere kva ein tekst handlar om</p> <p>Les oppslag, som er tilrettelagt for born, på nettet og finna informasjon i digitale tekstar</p> <p>Mengdetrening av litterære tekstar</p> <p>Rekk å lesa teksing på TV</p> <p>Høgtlesning blant elevar er eit verkemiddel for å trene på leseflyt, men må brukast forsiktig med omsyn til enkelte elevar. Høgtlesing bør også gjerast i heimen for å sikre progresjon gjennom mengdetrening.</p>	<p>Nasjonal prøve, lesing, rekning og engelsk</p> <p>Carlsten (vår/haust)</p> <p>Ordkjedetest (vår/haust)</p> <p>Aski Raski (tiltak for dei som treng ekstra øving)</p> <p>Alle tel 5</p> <p>Kartleggjaren - for dei som har tilgong (vår/haust)</p>	<p>Lesekvart (kvar dag)</p> <p>Leseprosjekt med fokus på omgrep og leseforståing.</p> <p>Bokslukar-prisen (påmelding)</p>

Lekser:

Les fagtekst (annakvar veke samfunn- og naturfaglekse)

Les skjønnlitterære tekstar og svara på leseforståingsoppgåver

Les inn lydfil

Leseutvikling etter 6. trinn

<p>Alle lærarar er leselærarar. Alle lærarar har ansvar for å inspirera til lesing og evt. avdekke leseutfordringar Høgtlesing/lydbok: lærar les jamnleg høgt for elevane "Lesekvart"</p>		
Leseforståing Leseflyt	Kartlegging/testing	Leseprosjekt
<p>Les og forstå tekstar frå aviser i papir og på nett</p> <p>Bruka ulike strategiar for å skriva/fortelja om innhaldet i lengre tekstar</p> <p>Leitelese</p> <p>Les a lengre tekstar/bøker, både skjønnlitterær og fagtekst</p> <p>Konsentrerer seg ikkje lengre om avkodinga, berre om opplevinga og forståinga</p> <p>Les a og følgja instruksjonar, oppskrifter og brukarretteleingar</p> <p>Høgtlesning blant elevar er eit verkemiddel for å trene på leseflyt, men må brukast forsiktig med omsyn til enkelte elevar. Høgtlesing bør også gjerast i heimen for å sikre progresjon gjennom mengdetrening.</p> <p>Lese undertekst</p>	<p>Carlsten (vår/haust)</p> <p>Ordkjedetest (vår/haust)</p> <p>Aski Raski (tiltak for dei som treng ekstra øving)</p> <p>Alle tel 6</p> <p>Kartleggjaren - for dei som har tilgong (vår/haust)</p> <p>Readingtest</p>	<p>Leseprosjekt med fokus på historisk epoke. (Td. Vikingtida)</p> <p>Bokslukar-prisen (påmelding)</p>
<p>Lekser: Les a fagtekst (annakvar veke samfunn- og naturfaglekse) Les a skjønnlitterære tekstar og svara på leseforståingsoppgåver Les a inn lydfil</p>		

Leseutvikling etter 7. trinn

<p>Alle lærarar er leselærarar. Alle lærarar har ansvar for å inspirera til lesing og evt. avdekke leseutfordringar Høgtlesing/lydbok: lærar les jamnleg høgt for elevane "Lesekvart"</p>		
Leseforståing Leseflyt	Kartlegging/testing	Leseprosjekt
<p>Teikne eit kart (tidslinje, teikneserie) over hendingar eller skriva/fortelje om innhaldet i ein lengre tekst</p> <p>Prøver å finna fleire kjelder som kan belysa eit tema</p> <p>Les lengre tekstar/bøker, både skjønnlitterær og sakprosa</p> <p>Leitelese</p> <p>Konsentrerer seg ikkje lengre om avkodinga, men meir om opplevinga og forståinga</p> <p>Høgtlesning blant elevar er eit verkemiddel for å trene på leseflyt, men må brukast forsiktig med omsyn til enkelte elevar. Høgtlesing bør også gjerast i heimen for å sikre progresjon gjennom mengdetrening.</p> <p>Lese undertekst</p>	<p>Carlsten (vår/haust)</p> <p>Ordkjedetest (vår/haust)</p> <p>Readingtest</p> <p>Alle tel 7</p> <p>Aski Raski (tiltak for dei som treng ekstra øving)</p> <p>Kartleggjaren -for dei som har tilgong (vår/haust)</p>	<p>Leseprosjekt med fokus på skjønnlitterære bøker med litterær samtale</p> <p>Bokslukarprisen (påmelding)</p>
<p>Lekser: Les fagtekst (annakvar veke samfunn- og naturfaglekse) Les skjønnlitterære tekstar og svara på leseforståingsoppgåver Les inn lydfil</p>		

Leseutvikling på ungdomssteget 8-10

<p>Alle lærarar er leseleiarar. Alle lærarar har ansvar for å inspirera til lesing og evt. avdekke leseutfordringar Høgtlesing/lydbok: lærar les jamnleg høgt for elevane "Lesekvart"</p>		
Leseforståing/ Leseflyt	Kartlegging/testing	Leseprosjekt
<p>Elevane viderefører lese- og læringsstrategier dei har frå mellomtrinnet. Elevane må aktivt bruke forskjellige lese- og læringsstrategier, og ha låg terskel for å be om hjelp. Repetisjon/modellering av forskjellige lese- og lærestrategier i løpet av 8. trinn er viktig.</p> <p>Lærarar i alle fag må aktivt avkode/forklare fagomgrep og andre omgrep/ord som er grunnleggjande for forståinga av aktuelle fagtekstar.</p> <p>Høgtlesning blant elevar er eit verkemiddel for å trene på leseflyt, men må brukast forsiktig med omsyn til enkelte elevar. Høgtlesing bør også gjerast i heimen for å sikre progresjon gjennom mengdetrening.</p> <p>Elevar må ha tilgong, via bibliotek/apper, til eit breidt utval av autentiske tekstar i alle sjangre, på papir og skjerm.</p> <p>Norsklærar har ei nøkkelrolle i å hjelpe elevane å finne tekstar dei likar å lese, og er tilpassa den einssilde elev sitt nivå.</p>	<p>Nasjonale prøvar: Lesing, rekning og engelsk 8. trinn Lesing og rekning 9. trinn</p> <p>Carlsten haust 8. trinn og 10. trinn</p> <p>Alle tel 8, 9 og 10</p>	<p>Bibliotekbok-lesing ca. 10 min. så jamnleg som mogleg i norskfaget.</p> <p>I periodar er det ønskeleg med 15 min. lesing kvar dag, på tvers av faga. Lesetida skal brukast til å auke lesekompetansen til eleven (ikkje bruk av lysbøker). Kan organiserast i fellesskap på trinn-nivå.</p>

Skulen og heimen skal syte for at eleven er bevisst på å utvikle egne leseferdigheiter for å møte stadig meir avanserte fagtekster.		
---	--	--

Tips til lekse:

Variert leselekse i ulike fag kvar veke. Blir organisert i fellesskap på team-nivå. Høgtlesing heime / innlesing på lydfil. Omforklaring/gjenforteljing av det ein har lest, med egne ord, til læringspartnar eller i skrift.

Tips til leseprosjekt

1.trinn: Birthe Kot

2.trinn: Birthe Kot, Salto, Leseknappen i samarbeid med biblioteket

3.trinn: Astrid Lindgren, Anne Cat, Torbjørn Egner, Ingvar Moe, Maria Parr, Frida Nilsson, Ruth Lillegraven, Alf Prøysen, (Sjekk jubileum)

4.trinn: Astrid Lindgren, Anne Cat, Torbjørn Egner, Ingvar Moe, Maria Parr, Bjørn Sortland, Frida Nilsson, Alf prøysen (Sjekk jubileum)

5.trinn: Salmo+listog (teams), Lese biletbøker for yngre elevar, Bokslukarprisen, Bjørn Sortland

6.trinn: Vikingtida, Bokslukarprisen, Tor Arve Røssland, Anders Totland

7.trinn: Bokprat, Bokslukarprisen, Roald Dahl,

U-trinn: Lesekvart: lesing kvar dag, på tvers av faga (td 15-20 min). Blir organisert i fellesskap på trinn- nivå. Kan munne ut i ei framføring/bokmelding. Ein kan skrive leselogg kvar uke. Ein bør også ha leselekse frå bibliotekboka denne perioden. "Skuletekst" (a la skulekino): felles novelle/artikkel for alle trinna, forankra i tverrfagleg for/etterarbeid.

Lesetips

Høgtlesing:

Noter ned bøker de har lese høgt i klassen, til informasjon for neste trinn.

Høgtlesing for nokon i heimen, samt innlesing av lydfil, er god trening.

Billedbokhylla.no

Nb.no

Skolenmin.cdu.no

Salaby.no

Lexplore.com

Nynorskbok; boktips frå Nynorsksenteret <https://nynorskbok.no/>

Lesing:

Parlesing (kvar sitt ord/ setning)

Lese i slange (fleire elevar les eit ord kvar i rekke).

Eleven lagar spørsmål og svar til den teksten hen har lese.

Lesesenteret. <https://www.uis.no/nb/lesesenteret/lesing-i-skolen>

Lurivar (Ivar Aasen – tunet) <https://www.tunkatten.no/forteljingar/>

Årshjul for opplegg på lesesenteret.

Medlesing, både i lekse saman med foreldra og på skulen med ein vaksen.

Bookbites

Lesekvart

Opplese tekst:

Intowords

Office lense

Google lense

Språleg medvit/ omgrep:

Språkleikar av Jørgen Frost

21 analysebegrep – Nyborgs modell for begrepsundervisning
sjå [www. Undervisningsmetoder.com](http://www.Undervisningsmetoder.com)

Spele alias

Grep om begrep frå Statped

Kims leik

Andre tips:

<https://les.itimen.no/>

Askiraski

Relemo

Læringsstrategiar

Kidspiration

GG – 1. og 2. klasse + enkeltelevar seinare

“Skåneviksveka” “Etneveka”

LÆRESTRATEGIAR, ETNESKULEN

8.-10. KLASSE		Temasetningar Kommentar- setningar	Fag- samtale	Stille spørsmål til tekst	Tenke- skrivning	Skrive smandrag	Lære- samtale	Lære- samtale	Modell- teikning	Venn- diagram	Ordkart Nøkkelord	To- kolonnenotet	Tankekart Hugseteikning	To- kolonnenotet	Strukturert tankekart	Strukturert tankekart	BISON
7. KLASSE		Fag- samtale	Stille spørsmål til tekst	Tenke- skrivning	Skrive smandrag	Svar med fullstendige setningar	Lære- samtale	Lære- samtale	Modell- teikning	Venn- diagram	Ordkart Nøkkelord	To- kolonnenotet	Tankekart Hugseteikning	To- kolonnenotet	Strukturert tankekart	Strukturert tankekart	BISON
6. KLASSE			Tenke- skrivning	Skrive smandrag	Svar med fullstendige setningar	Lære- samtale	Lære- samtale	Modell- teikning	Venn- diagram	Ordkart Nøkkelord	To- kolonnenotet	Tankekart Hugseteikning	To- kolonnenotet	Strukturert tankekart	Strukturert tankekart	BISON	
5. KLASSE		Svar med fullstendige setningar	Lære- samtale	Modell- teikning	Venn- diagram	Ordkart Nøkkelord	To- kolonnenotet	Strukturert tankekart	Strukturert tankekart	BISON							
4. KLASSE																	
3. KLASSE		Ordkart Nøkkelord	To- kolonnenotet	Tankekart Hugseteikning													
2. KLASSE		To-kolonnenotet															
1. KLASSE		Tankekart Hugseteikning	Tankekart Hugseteikning														
		BO	BO														



Kartlegging i Etneskolen - fang opp følg opp -

Sist endra 08.06.2023, i samsvar med PP-tenesta og Vindafjord

Steg	Tidspkt.	Obligatoriske kartleggingar	Frist for registrering	Ansvarleg
1. steg	Haut	Obligatoriske kartleggingar «Begrepsforståelse» (jampør med testen frå barnehagen) Talstart	Før haustferien Etter haustferien og før jul	Faglærer / kontaktlærer
	Vår	UDIR Kartlegging rekning (Må bestillast febr.-mars) UDIR Kartlegging lesing Carlsten lesefart og leseforståing Readingtest (engelsk kartlegging i papirform)	3.apr Conexus 3.apr. Conexus 6. mai Før juni	Faglærer / kontaktlærer
2. steg	Haut	Alle tel 2 Carlsten lesefart og leseforståing	25.sept. Conexus Før haustferien. Conexus	Faglærer / kontaktlærer
	Vår	Readingtest (engelsk kartlegging i papirform)	Før juni	Faglærer/kontaktlærer
3. steg	Haut	Alle tel 3 Carlsten lesefart og leseforståing Ordkjedetestar Undersøking om mobbing: Spekter UDIR Kartlegging rekning (Må bestillast) UDIR Kartlegging lesing	17. okt. Conexus 28. okt. Conexus 15. nov. Spekter. Conexus Conexus	Faglærer / skuleleiling Faglærer / kontaktlærer Kontaktlærer /skuleleiling Faglærer / skuleleiling Faglærer / kontaktlærer
	Vår	Readingtest (engelsk kartlegging i papirform)	Før juni	Faglærer/kontaktlærer
4. steg	Haut	Alle tel 4 Carlsten lesefart og leseforståing Ordkjedetestar Undersøking om mobbing: Spekter Symjeopplæring	25. sept. Conexus 15. okt. Conexus 15. nov. Spekter Haust eller vår. Conexus	Faglærer / kontaktlærer Faglærer / kontaktlærer Kontaktlærer /skuleleiling Kontaktlærer/faglærer
	Vår	Readingtest (engelsk kartlegging i papirform)	Før juni	Faglærer/kontaktlærer
5. steg	Haut	UDIR Nasjonal prøve, lesing UDIR Nasjonale prøve, engelsk UDIR Nasjonale prøve, rekning Undersøking om mobbing: Spekter Ordkjedetestar Elevundersøkinga Kartleggjaren (ny)	.PAS – plan frå Udir. * Conexus PAS – plan frå Udir. * Conexus PAS – plan frå Udir. * Conexus 15. nov. Spekter Frist sett av Udir Haust – før haustferien	Faglærer / skuleleiling Faglærer / skuleleiling Faglærer / skuleleiling Kontaktlærer /skuleleiling Kontaktlærer / kontaktlærer
	Vår	Carlsten lesefart og leseforståing – Ordkjedetestar Alle tel 5 Kartleggjaren (ny)	15. juni. 15. juni. Vår – før vinterferien	Faglærer / kontaktlærer Faglærer / kontaktlærer
6. steg	Haut	Alle tel 6 Carlsten lesefart og leseforståing Ordkjedetestar Undersøking om mobbing: Spekter Elevundersøkinga Kartleggjaren (ny)	25.sept. 15. okt. 15.nov. 15.nov. Spekter Frist sett av Udir Vår – før vinterferien	Faglærer / kontaktlærer Faglærer / kontaktlærer Faglærer / kontaktlærer
	Vår	Carlsten lesefart og leseforståing Kartleggjaren (ny)	15. juni. Conexus Vår – før vinterferien	Faglærer / kontaktlærer



Kartlegging i Etneskulen - fang opp følg opp -

Sist endra 08.06.2023, i samsvar med PP-tenesta og Vindafjord

Steg	Tidspkt	Readingtest (engelsk kartlegging i papirform)	Før juni	Ansvarleg
7. steg	Haust	Obligatoriske kartleggingar	Frist for registrering	Ansvarleg
		Alle Tel 7 Carlsten lesefart og leseforståing Ordkjedetestar UDIR Elevundersøkinga Kartleggingaren (ny)	Før haustferien Før haustferien 3.jan Frist sett av Udir Haust – før haustferien	Faglærer / kontaktlærer Faglærer / kontaktlærer Kontaktlærer /skuleleing Kontaktlærer/faglærer
8. steg	Haust	Carlsten lesefart og leseforståing Ordkjedetestar Symjeopplæring Kartleggingaren (ny)	15. juni. Conexus Conexus Conexus Vår – før vinterferien Før juni	Faglærer / kontaktlærer
		Readingtest (engelsk kartlegging i papirform)		
9. steg	Haust	UDIR Nasjonal prøve, lesing UDIR Nasjonale prøve, engelsk UDIR Nasjonale prøve, rekning UDIR Elevundersøkinga Carlsten lesefart og leseforståing	PAS – plan frå Udir * Conexus PAS – plan frå Udir * Conexus PAS – plan frå Udir * Conexus Frist sett av Udir	Faglærer / kontaktlærer Faglærer / kontaktlærer Faglærer / kontaktlærer Kontaktlærer /skuleleing
		Symjeopplæring Alle tel 8	Før påskeferien. Conexus Før påskeferien. Conexus	Faglærer / kontaktlærer
10. steg	Haust	UDIR Nasjonal prøve, lesing UDIR Nasjonale prøve, rekning UDIR Elevundersøkinga Alle tel 9	PAS – plan frå Udir * Conexus PAS – plan frå Udir * Conexus Frist sett av Udir Før haustferien	Faglærer / kontaktlærer Faglærer / kontaktlærer Kontaktlærer /skuleleing
		UDIR Elevundersøkinga Alle tel 10 Carlsten lesefart og leseforståing	Frist sett av Udir Før haustferien Før haustferien	Faglærer / kontaktlærer

Nasjonale prøvar sjå rutinar for gjennomføring. (*) Nasjonale prøvar vert overført automatisk frå PAS til Conexus.

Det skal lagast tiltaksplan for elevar som skårar på nivå 1 på 5. trinn og nivå 1 og nedre del av nivå 2 på 8. trinn.

Resultat på 5., 8. og 9. trinn vert presentert for dei tilsette. Resultat vert diskutert på trinn / lag.


Føresette skal vera orientert om resultat innan desember. Resultat vert diskutert med skuleleigar. Prøvene i 8. og 9.klasse er identisk like og er eit grunnlag for å måla eleven sin framgang i læringa (lesing og matematikk). Opplæringa har som mål at eleven minst skal ha 4 poeng i utvikling frå 8.-9.trinn.

Kartleggingsprøve i engelsk kjem etter at arbeidsgruppa har landa og det er vedteke i rektorgruppa (haust 22).

Kartleggingsprøvar Sjå rutinar for gjennomføring og rettleiar på UDIR sine sider.

Det skal lagast tiltaksplan for elevar som skårar under kritisk grense. Tiltaksplanen skal m.a. innehalda plan for re-testing for å sjekka eleven sin progresjon..

Andre prøvar vert tekne gjennom året ved behov. Døme på prøvar som blir nytta er: «LSR»(Vindafjord), Ordkjedetestar, Språk 6-16, 20 spørsmål, M-prøva og Multi. Alle tel på våren.



Samhandling for eleven sitt læringsutbytte

Vedlegg 12

Vindafjord kommune

Etne kommune

Uro

Tilvising

Skulen sitt vidare arbeid

PPT si dokumentasjonsplikt

